



Til

Justis- og beredskapsdepartementet

Emilie Enger Mehl (Sp)

postmottak@jd.dep.no

Høyringsuttale frå Hardangerrådet vedr. endringar i domstolstruktur

Hardangerrådet er regionråd for kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Rådet viser til regjeringa sitt forslag om endringar i domstolstruktur der det vert vist til Hurdalsplattforma som seier:

Regjeringa vil:

- *Gjeninnføre strukturen for domstolane før domstolsreforma av 2021 for å vareta borgaranes rettstryggleik og sikre sjølvstendige domstolar med stadleg leiing, med unntak for domstolar der domstolsleiar, kommunane i rettskretsen og dei tilsette gjennom sine tillitsvalde er samde om å oppretthalde dagens struktur.*

Domstolsreforma var ei hasteløysing som følgje av politiske forhandlingar, kor forslaget i utgangspunktet var å legge ned dei mindre tingrettane. All erfaring tilseier at ei slik organisering som no er valt for domstolane legg til rette for ei gradvis nedbygging i distrikta. Hardangerrådet meiner difor at den einaste måten ein kan sikre eit fullgodt domstolstilbod i alle deler av landet på lenger sikt, er å reversere domstolsreforma.

Ordførarane i Hardanger er opptekne av å sikra denne regionen fortsatt gode tenester i justissektoren, både på kort og lang sikt. For å sikre dette må det reetablerast lokal leiing ved tingretten i Hardanger som kan ivareta tenestetilbodet og gjere prioriteringar til fordel for denne delen av fylket.

Å gjenoppretta Hardanger tingrett som sjølvstendig domstol med lokal leiing (sorenskrivar) vil styrkja innbyggjarane i regionen sin rettstryggleik gjennom auka nærleik, tilgjenge og lokalkunnskap.

Hardangerkommunane håper at Regjeringa gjennom denne reverseringa legg til rette for at alle tingrettar, uansett storleik, får tilført ressursar og handlingsrom slik at dei vert sett i stand til å utføre sitt samfunnsoppdrag på ein god måte uavhengig av geografisk plassering. Den tredje statsmakt må vera til stades for folk i heile landet.

Til dei konkrete forslag og spørsmål som departementet ønskjer høyringsinstansane sine svar på har Hardangerrådet følgjande kommentarar:

3.2.1 Nærmere om Hurdalsplattformen

Hardangerrådet støttar departementet sitt forslag om å gjenoppretta tidlegare struktur slik det går fram av høyringsnotatet pkt. 3.2.1. Rådet meiner at ei reversering av den innførte reforma vil gje regionen dei beste tenestene innanfor justissektoren.

3.2.2 Endringer i adgangen til felles ledelse.

Hardangerrådet meiner at ordninga med felles leiing bør avviklast. For å ivareta den enkelte tingrett og den enkelte region sine interesser har eigne sorenskrivarar ei svært viktig og avgjerande rolle som ikkje kan erstattast med felles leiarskap mellom fleire. Dersom det i kortare periodar er behov for mellombels leiing av eit embete, bør det nyttast konstitusjonar og ikkje felles leiing.

3.2.3. Bedre samarbeid og styrking av sårbare domstolar

Hardangerrådet meiner at mindre domstolar, som Hardanger tingrett vil vera, bør styrkast gjennom tiltak/tilpasningar/auka ressursar som samla gjev regionen den best mogelege teneste og rettstryggleik tufta på auka høg fagkompetanse, nærleik, tilgjenge og lokalkunnskap. Eit konkret forslag er å utvide rettskretsen. Ved å overføre kommunar som til dømes Voss og Samnanger frå Bergen tingrett til Hardanger tingrett, vil ein avlaste Bergen tingrett samstundes som ein på ein enkel og effektiv måte styrker grunnlaget for drifta av Hardanger tingrett. Ei slik endring vil medføre at ressursutnyttinga vert betre. I tillegg bør dommarfullmektigstillinga ved Hardanger tingrett omgjerast til ein tingrettsdommarstilling, slik departementet sjølv har nemnt som eit konkret grep for å sikre dei mindre tingrettane.

Regionrådet har med bakgrunn i ovannemnde fatta slikt samrøystes vedtak:

Hardangerrådet ber regjeringa reversera domstolsreforma og gjenoppretta Hardanger tingrett.

Kinsarvik, 1. april 2022

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet

Eidfjord kommune

Anders Vatlé
ordførar

Kvam herad

Torgeir Næss
ordførar

Ullensvang kommune

Roald Aga Haug
ordførar/rådsordførar Hardangerrådet

Ulvik herad

Hans Petter Thorbjørnsen
ordførar

